

## Januar

### Gode innbyggjarar i Gol

Januar har vore ein travel men spennande månad. Allereie fyrste arbeidsdag etter ferien gikk me i gang med aust-vest stamvegsspørsmålet. 2016 blir eit spennande år med mykje veg. Statens vegvesen har tatt initiativ til ei samarbeidsgruppe for RV 7/RV 52 Gol-Voss for å sikre eit tett samarbeid med dei ulike interessentane og føre ein open og inkluderande prosess. Fyrste møte var på Voss no i januar, og det er lagt opp til ytlegare tre møte før rapporten til Statens vegvesen skal leggjast fram hausten 2016. Det politiske miljøet i Gol har fortsatt gitt meg signal om å arbeide vidare med RV52 i denne samanheng.

Den nye skulen reiser seg som eit monument i bygda. Plan og byggenemnda har jamleg prosjektleiar tilstades i sine møte for orienteringar. Kommunestyrerepresentantane får og orienteringar i kommunestyremøte og dei har og høve til å koma med spørsmål. *Hjarterom og opne armar* er visjonen til skulen, og med dei orda har ordføraren saman med administrasjonen teke initiativ og hatt ein idéverkstad med friviljugheita i Gol. Her fekk me gode innspel og råd for kva som må avklarast ved ein eventuell sambruk og korleis ein ser for seg framdrifta for å koma i mål med sambruk til hausten. Det er nyttig å prate saman.

Gol kommune har vore så heldige og bistand frå eit skuleveilederkorps. Veilederkorpset gir støtte til skuleeigarar og skuler som treng rettleiing, for å betre læreprosessane i skulen. Kommunestyret er skuleeigar og det har vore eit stort fokus hjå dei å sjå på det som skjer inni den nye skulen. Det får me anledning til no, og fagutvalet for kultur og levekår skal bidra aktivt i prosessen. Leiar i utval for kultur og levekår er med som ein fast representant i dette arbeidet.

Ordføraren har og deltatt på sitt fyrste fylkestyremøte i kommunenes arbeidsgjevar-, interesse og medlemsorganisasjon. Dette er ein viktig arena for kommunane då KS er vår felles stemme inn til sentrale beslutningstakarar. Det er viktig for kommunane å seie ifrå og arbeide for at nasjonal politikk høver og gir fridom til dei lokale forhold i kommune-Norge.

Møteveka i kommunen var prega av mange og tunge saker.

Organisasjonsstrukturen i Gol kommune og organisasjonsstrukturen i helse og omsorg var to av dei. Det er eit spennande grep kommunen no gjer med kommunalsjefstillingar som skal ivareta heilskapen i organisasjonen. Eg vonar me evnar i større grad å samarbeide på tvers, sjå og anerkjenne kvarandre for den fantastiske jobben alle i kommunen gjer kvar einaste dag, og få ei god teneste. Det viktigaste av alt er at de som er innbyggjarar skal få eit betre tilbod. Helse og omsorg er eit av dei største områda i kommunen. Framtida syner oss utfordringar i

forbindelse med aldersutvikling og sjukdomsdiagnosar. Med den nye strukturen riggar me oss betre til å møte og svara på desse utfordringane.

Ei anna viktig sak er oppstart av kommuneplanarbeidet med vedtak om kommunal planstrategi. Planarbeid er krevjande med mange føringar frå sentrale styresmakter, med høyringar og avklaringar under vegs. Planarbeid tek tid, men me ynskjer å få til dette så smidig og kjapt som mogleg.

Dei fire nedre kommunane i Hallingdal hadde avtalt eit dialogmøte, men før me rakk å møtast kom nyhende om regjeringas framlegg til nytt inntektssystem. Der er avstand kome inn som ei strukturvurdering. Kor lang avstand er det for å nå ei befolkning på 5000, er eit viktig kriterium for tildeling av basistilskot eller ikkje. Basistilskotet er på over 13 millionar. 25,4 km er den avstanden som ser ut til å bli lagt til grunn. Det gjer at Flå ikkje mister noko av basistilskotet mens Hemsedal får ein liten reduksjon. Det er ikkje avstanden mellom bygdesentera, men kvar folk bur. Landet er delt inn i over 12000 såkalla grunnkretsar. Det er mykje talmateriale som ligg i botnen for korleis dette slår ut. Nes, Gol, Ål og Hol ligg for tett i høve til einannan, og kjem derfor negativt ut. Det er også lagt inn ei større vektning av innbyggjarar under 16 år på bekostning av dei over 67 år. Det nye forslaget er ikkje vedteke enno, men er ute til høyring. Det er sagt det skal leggjast til grunn for kommunestrukturarbeidet. Viss ein ynskjer ei kommune i Nedre Hallingdal, så vil det ikkje endre på inntektsgrunnlaget i sum om ein slår seg saman eller ikkje. Men, det er lagt inn ein gevinst til dei «nye kommunar» som gjer vedtak før 1. juli 2016. Dei får behalde delar av noverande basistilskot i 15 år og så ei nedtrapping dei neste 5 åra. I tillegg er det eit eingongstilskot på 20-40 millionar avhengig av om det er 2 eller 4 kommunar som går saman. Dette er for å "rigge" den nye kommunen som det heiter.

Gol og Nes går vidare med å drøfta kva for tidsramme ein skal ha for arbeidet. Andre ting som må drøftast er kva ein skal greie ut, korleis ein skal greie det ut, korleis innbyggjarane skal medverke og framdrift. Dette kjem opp til politisk behandling. Eg vonar det vert lagt opp til ei folkeavstemming, for i ei så viktig sak bør innbyggjarane bestemme. Spørsmålet blir om me skal legge opp til å følgje fristen for å få mest mogeleg økonomis gevinst, eller om me skal gjere eit godt stykke arbeid som me kan bruke, både viss svaret vert samanslåing eller om svaret vert styrka samarbeid mellom kommunane i Hallingdal. Sistnemnde alternativ er eit ynskje frå Hemsedal og Flå som har bedt om å få hengje seg på om det er politisk vilje heime hjå sine politikarar.

Det siste møte i denne månaden var regionrådet. Her gjekk kommunane i Hallingdal inn for ei støtte på 200 000 kroner til Karrieresenter i Hallingdal på Gol. Regionrådet legg opp til at det gjennomførast som ei prosjektperiode i eit år, før ein får ei evaluering og vurderer vidare finansiering.

Ha ein solrik søndag på månadens siste dag!